



MØTEBOK

Møte: 6-2017
Møtedato: Onsdag 6.12.2017
Møtestad: Kantina Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Odd Kåre Sakseid, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Elisabeth Bjørnevik og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje: Elin Taranger og Solfrid Lønning.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Kommentar til dagsorden:

Sak 2017 – 06 – 06 vert trekt ut av sakskartet og gitt ADM.

2017-06-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 5 – 2017 vart godkjent.

Tilbakemeldingar på at ein må jobbe mot å få sakspapir ut saman med innkalling.

Greitt med nokon saker på førehand viss det vert vanskeleg å få alt klart, men samla dokument må då komme seinare.

2017-06-02 DRØFTING AV REVIDERT GRAVFERDSPLAN

Vedteke:

- 1. Fellesrådet godkjenner revidert plan for gravareal i Bømlo kommune, med føresetnad om endringar frå møtet.***
- 2. Fellesrådet tilrår utviding/utbetring av gravareal i rekkefølga beskrive i planen og seinast innan dei tilrådde tidene i planen.***
- 3. Plan for gravareal sendast Bømlo kommune for endeleg godkjenning.***

Endringar frå møtet:

- Ha med meir i planen om eigarforhold på ulike området tiltenkt for gravplassar, og at problemstillinga med nye areal må med inn i reguleringsplanane.

- Meir om utrekningar på kor mange graver ein anslagsvis kan får på ulike nye områder.

- Gi ei enda betre forklaring/beskriving av forskjellen mellom gravlegging i to nivå og gravlegging på ny etter oppfylling.

- Talet på reserverte graver på Vorland nye må med inn i vedlegget.

Andre punkt knytt til etterarbeidet:

- Kommunen sender i disse dagar ut planprogram på høyring og her var det presisert at Bømlo kyrkjelege fellesråd må inn med sine behov i forhold til naudsynt gravplassareal.
- Spørsmål til X-felt på Lykling. (Anten få på plass forklaring, eller ta bort)
- Informasjonsarbeid som vert sett igong etter godkjent plan må ut til alle husstandar.
- Må har eit møte med samfunnsplanleggjaren om tomter, parkeringsbehov ved nye områder og mogeleg områder for utviding i alle sokn.
- Ny drøfting om Gåsland må gjerast i tilknytning til kommuneplanen.

2017-06-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Vart informert om vete på gravplassane, uttale i lokalavis og stega vidare.
2. Informert om tiltak som er sett i verk i tilknytning til hjort på Vorland og Lykling.
3. Orientert om NKF (Nettverk for kirkelige fellesråd).

Tilført spørsmål/meldingar i møtet:

4. Stilt spørsmål til progresjonen av servicehuset på Lykling og tilbakemelding om at container bør fjernast då den er full og bere står i vegen.
5. Informert om at kyrkjelydssekretær Anne Berit Fylkesnes går ned i 50% stilling over nyttår.

2017-06-04 BUDSJETT 2018

1. *Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med Budsjett 2018 med ei totalramme på kr 11.911.000*
2. *Bømlo kyrkjelege fellesråd er innforstått med eit underskot på drift i 2018 på 72.000,-*
3. *Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek dekking av underskotet med renteinntekter (25 000,-) og bruk av ubundne fond på 47.000,-*

Under samtale om budsjett vart ein også merksam på ulik praksis når det gjeld innkjøp av eksempelvis blommar til kyrkjene m.m. Kyrkjeverja ser vidare på dette.

2017-06-05 DRØFTING AV INVESTERINGSBUDSETT FOR 2018 - 2022

1. *Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek revidert investeringsbudsjett for 2018 – 2022.*

Revidert budsjettforslag 2018 - 2022	2018	2019	2020	2021	2022	Sum prosjekt
Gangveg, lys og mur på Foldrøy gravplass (kom.øsk)	300					300
Oppretting restaurering av muren ved Bømlo gml.kr.	300					300
Ny miksepult i Bømlo kyrkje	100					100
Steinheller kring Moster kyrkje	150					150
Planlegging og oppfylling av gravfelt D Lykling	240	2 000				2 240
Planlegging og oppgradering av Bømlo kyrkje		4 000				4 000
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard			4 000	3 000		7 000
Brannsikre skap til gjenstandar av høy verdi				250		250
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje		2 100	2 000			4 100
Planlegging av gravplassutviding på Moster				200	2 000	2 200
GPS-utstyr til kyrkjegardane						
Sum	1 090	8 100	6 000	3 450	2 000	

2. Kyrkjeverja sender brev snarast og informerer rådmann og økonomisjef om situasjonen med føringar om at situasjonen vedrørende gravplass på Vorland og orgelet på Moster må følgjast tett, og at det kan komma spørsmål om forskotering innanfor denne perioden.

2017-06-06 ENDRING AV STILLINGSHEIMEL SEKRETÆR OG PEDAGOG

Saka vart som nemnd innleiingsvis trekt ut av sakskartet for handsaming i administrasjonsutvalet.

2017-06-07 HØYRINGSSVAR OM NY LOV OM TRUS- OG LIVSSYNSSAMFUNN
Berit og Odd Kåre gjekk frå møte før handsaming av denne saka

1. Fellesrådet gir høyringssvar som revidert i møtet. Sjå vedlegg.

**2017-06-08 OPPRETTING I UKLARHEITER RUNDT FESTEAVGIFTER, OG
REGLAR OG BESTEMELSAR KNYTT TIL RESERVASJON AV
GRAV**

Saka vart utsett.

2017-06-09 BREV TIL BJØRGVIN BISPEDØME ANG. SOKNEMØTE I MOSTER

Saka vart utsett.

2017-06-10 PÅSKJØNNING TIL TILSETTE

Saka vart utsett.

2017-06-11 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR FOR 2018

Val av leiar og nestleiar vart valt med akklamasjon.

Leiar: Roald Stautland

Nestleiar: Berit Hallaråker

2017-06-12 MØTEDATOAR FOR 2018

Første dato for 2018 (31.1) vart vedteke. Resten av møteplanen for 2018 vert sett i dette møtet.

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje